



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2011 og Tilstandsrapport 2011 for vidaregåande opplæring

Hovudutval for opplæring



I 2011 var det totalt 5 433 søkjarar til vidaregåande opplæring, 40 fleire enn i 2010. Av desse søkte 443 til opplæring i bedrift, 57 færre enn i 2010.

4989 av søkjarane hadde ungdomsrett, av desse 383 til bedrift.

Skuleåret 2011/2012 vart det teke inn 4306 elevar til fylkeskommunale vidaregåande skular i Sogn og Fjordane, 66 fleire enn året før. Auken i elevtalet skuldast m.a. betre samsvar mellom tilbod og søkjar sine ønskje, slik at fleire takka ja til plass, og auke i tal elevar som kjem tilbake etter avbrot eller friår.

I tillegg kjem 63 elevar som går på skule i andre fylke og 74 som går på privatskule i Sogn og Fjordane (Kjelde Søkjarar- og opplæringsstatistikk 2011-2012).

Det vart i 2011 inngått 431 nye lærekontraktar og 21 nye opplæringskontraktar. Dette er 94 færre lærekontraktar og 14 færre opplæringskontraktar enn i 2010. Hovudforklaringa på nedgangen i tal kontraktar er at stadig fleire elevar frå Vg2 yrkesfag søker seg til allmennfagleg påbygging.

Ved utgangen av 2011 var det registrert 849 løpande lærekontraktar og 47 løpande opplæringskontraktar.

I 2011 vart det teikna 90 lærekontraktar i andre fylke, mot 52 i 2010 (Kjelde Brio, løpande kontraktar).

Det vart i 2011 sett i gang 20 ulike kurs for vaksne, med til saman 318 deltakarar.



## SAMANDRAG

Årsmelding 2011/tilstandsrapport for vidaregåande opplæring er utarbeidd på basis av målekart vedteke av fylkestinget for 2011 og krava til årleg rapportering om tilstanden i vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 13-10.

Innleiinga inneheld ei overordna vurdering av utviklinga av tenestene innan opplæringssektoren i 2011 og utfordringar framover.

Kapittel 2 vurderer måloppnåing/resultat i høve vedteke målekart for 2011.

Gjennomgangen er systematisert ut frå strategiske fokusområde med tilhøyrande kritiske suksessfaktorar og måleindikatorar. Resultata er målt opp mot vedteke ambisjonsnivå. I tillegg omhandlar kapitlet temaområde for 2011 som ikkje vert dekkja av målekartet. Med utgangspunkt i målekartet inneheld kapitlet også ein nærare gjennomgang av økonomisk årsresultat for tenesteområda innan opplæringssektoren.

Kapittel 3 viser korleis ein arbeider for å utnytte tildelte ressursar på ein effektiv måte. Kapittel 4 omtalar arbeidet med folkehelseiltak.

Kapittel 5 inneheld oversikt over spesielle politiske saker.

Kapittel 6 omhandlar kjønnsfordelinga på utdanningsprogram for søkjarar til vidaregåande opplæring og for søkjarar til opplæring i bedrift skuleåret 2010/11. I tillegg viser kapitlet kjønnsfordelinga blant leiarar og pedagogisk personale i sektoren, sett opp mot aldersfordeling.

Vedlegg 1 inneheld tabellarisk framstilling av rapporteringa for 2011 med utgangspunkt i vedteke målekart/ tilstandsrapport for vidaregåande opplæring for 2011. For samanlikning er også resultata for 2010 teke med i tabellen. Vedlegg 2 og 3 inneheld karakterstatistikk.



## INNHALD

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
<b>2. MÅLOPPNÅING/RESULTATVURDERING</b> .....	<b>6</b>
2.1 TENESTEPRODUKSJON/BRUKARPERSPEKTIVET (T) .....	6
2.2 REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR (R) .....	15
2.3 RAMMEVILKÅR/ØKONOMI (Ø) .....	19
2.3.1 Rapportering frå dei vidaregåande skulane .....	19
2.3.2 Nærare om måleindikator Ø1- 1 Avvik i høve budsjett – årsresultat for tenesteområda innan opplæringssektoren .....	23
2.3.3 Nærare om måleindikator Ø2-1 Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap .....	30
<b>3. EFFEKTIVISERINGSTILTAK</b> .....	<b>31</b>
<b>4. FOLKEHELSE</b> .....	<b>31</b>
4.1 FOLKEHELSEARBEID GENERELT .....	31
4.2 PSYKISK HELSE .....	32
4.3 ERNÆRING.....	32
4.4 FYSISK AKTIVITET .....	32
4.5 RUS OG TOBAKK .....	32
4.6 SKADER OG ULUKKER .....	32
<b>5. SPEIELLE POLITISKE SAKER</b> .....	<b>32</b>
<b>6. LIKESTILLING</b> .....	<b>33</b>
6.1 SØKJARAR TIL SKULEÅRET 2010/2011 FORDELTE PÅ KJØNN, UTDANNINGSPROGRAM OG LÆREFAG .....	33
6.2 STATUS OG UTFORDRINGAR I HØVE PERSONALSITUASJONEN VED DEI VIDAREGÅANDE SKULANE .....	35
6.3 OPPFØLGING AV VEDTEKEN HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD .....	36

### VEDLEGG 1

TABELLARISK FRAMSTILLING AV RAPPORTERING FOR 2011 I HØVE VEDTEKE MÅLEKART FOR  
OPPLÆRINGSSEKTOREN

### VEDLEGG 2

KARAKTERSTATISTIKK



## 1. Innleiing

### Kvalitet i vidaregåande opplæring

Prioriteringane i opplæringssektoren i 2011 vart gjort med utgangspunkt i:

- Strategidokumentet *Rom for alle – syn for den enkelte*, med tilhøyrande handlingsprogram
- Den nasjonale satsinga Ny GIV - gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Eit utkast til nytt mål- og strategidokument vart sendt på brei høyring hausten 2011. Saka om nytt mål- og strategidokument skal handsamast av fylkestinget våren 2012. Hovudutval for opplæring vedtok i november 2011 å setje i gang arbeidet med ein skulebruksplan. Denne skal vise korleis vidaregåande opplæring bør organiserast og korleis fylkeskommunale bygg og eigedomar skal nyttast. Planen vert lagt fram for fylkestinget til handsaming våren 2013.

Ny GIV vart sett i gang i 2011. Dette er eit treårig prosjekt som omfattar følgjande delområde:

- *Overgangsprosjektet* er retta mot kritiske overgangar i opplæringa, spesielt mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.
- *Oppfølgingsprosjektet* er eit samarbeidsprosjekt med NAV, retta mot ungdom som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid (opp til 21 år)
- *Statistikprosjektet* skal utarbeide kvalitetssikra tal og statistikk for skuleeigar, som grunnlag for tiltak retta mot målgruppa for prosjektet

13 kommunar i Sogn og Fjordane er no med i prosjektet, resten vert med i 2013.

Tilbodet om sommarskule er eit viktig bidrag for å sikre at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Sommaren 2011

deltok til saman 19 elevar på sommarskule i matematikk og naturfag. I tillegg vart det hausten 2011 halde kurs for elevar som skulle ta ny eksamen i matematikk.

Ordninga med berbar PC gjeld frå hausten 2011 alle trinn i vidaregåande skule. Utvikling av digital kompetanse og tryggleik ved eksamen har vore prioriterte område også dette året.

Det tre-årige prosjektet *Karriere Sogn og Fjordane* vart avslutta i august 2011. Det vart gjennomført ekstern evaluering av prosjektet våren 2011. Hovudutval for opplæring skal våren 2012 handsame ny organisasjonsmodell som skal gjelde frå hausten 2012.

19 lærarar frå fylket byrja i 2011 på vidareutdanning i prioriterte fag, til dømes norsk og realfag, dei fleste på masternivå. Ti tilsette i vidaregåande skule har byrja på leiaropplæring. I tillegg har to lærarar teke rettleiings- og mentorutdanning. Fleire skular har delteke på IKT-didaktikk-studium arrangert av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det har også vore digital leiaropplæring for rektorar, mellomleiarar og klasseleiingskurs. Det har i alle fagnettverka vore arbeid med temaet vurderingsarbeid. Fem av dei vidaregåande skulane deltek i den nasjonale satsinga *Vurdering for læring*.

Hausten 2011 vart det sett i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar ved tre av dei vidaregåande skulane. Fylkeskommunen delfinansierer også ei innføringsgruppe i samarbeid med ein kommune. Opptrappingsplanen i vedteke handlingsprogram er med dette realisert.



Det har i 2011 vore arbeidd aktivt med å rekruttere lærebedrifter, og 49 nye lærebedrifter vart godkjende.

### **Dei vidaregåande skulane som utviklingsaktørar**

1 mill. kr vart i 2011 øyremerkte til å stimulere utviklingstiltak på dei vidaregåande skulane. Kriterium for tildeling var forankring i fylkeskommunale styringsdokument og utviklingsplanen til skulen. Tiltaka skal stimulere til auka samarbeid med lokalt - og regionalt arbeidsliv, for å utvikle både vidaregåande opplæring og lokalsamfunnet.

### **Bygge- og investeringsprosjekt**

Det vart også i 2011 brukt mykje ressursar på bygge- og investeringsprosjekt i

opplæringssektoren. Desse er blant dei største:

- *Sogndal vidaregåande skule*: Bygging av samlokalisert skule. Nybygget vart teke i bruk frå skulestart hausten 2011.
- *Flora vidaregåande skule*: Ombygging/rehabilitering/nybygg. Første og andre byggesteg vart ferdigstilte sommar/haust 2011. Fase tre går på ombygging/rehabilitering av eksisterande bygg og er også sett i gang.
- *Firda vidaregåande skule*: Innvendig ombygging/rehabilitering vart ferdigstilt hausten 2011.
- *Elektroniske låsesystem*: Arbeidet med å innføre elektroniske låsesystem på alle dei vidaregåande skulane starta i 2011.



## 2. Måloppnåing/resultatvurdering

Som ein del av budsjett 2011/økonomiplan 2011-14 (FT-sak 0066/11), vedtok fylkestinget målekart for opplæringssektoren. Målekartet inngår i kvalitetssystemet Balansert målstyring og viser mål, strategiske fokusområde, kritiske suksessfaktorar, måleindikatorar og ambisjonsnivå for 2011.

I vedteke budsjett 2011/økonomiplan 2011-14 heiter det m.a.: *Målekartet for opplæringssektoren er i hovudsak ei vidareføring frå 2010, med nokre justeringar knytt til oppfølging av vedteken klimaplan. Målekartet er avstemt med det overordna målekartet, jf. kap. 3, og vedteke handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008-2011.*

Ansvarsbrev frå fylkesdirektøren for opplæring til dei vidaregåande skulane inneheld omtale av vedteke målekart og føringar for oppfølging av dette.

Skuleeigar er, med heimel i opplæringslova § 13-10, pålagt å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa, knytt til

læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for fylkestinget som grunnlag for drøfting. For Sogn og Fjordane dekkjer kvalitetssystemet Balansert målstyring (vedteke målekart) og årsmeldinga krava som ligg til ein tilstandsrapport, med unnatak av områda spesialundervisning etter kap. 5 i opplæringslova og opplæring spesielt organisert for vaksne etter kap. 4A i opplæringslova.

Under følgjer rapportering på måleindikatorar knytt til kritiske suksessfaktorar for kvart av dei strategiske fokusområda i vedteke målekart, i tillegg til områda i tilstandsrapporten som ikkje vert omtala i målekartet. Vedlagt følgjer også ei tabellarisk framstilling av rapporteringa (vedlegg 1).

I deler av rapporteringa er nemninga “grøn skåre” nytta. Dette skal tolkast slik:

Skala frå 1-5, der 5 er best:

- grøn skåre=like bra som eller betre enn 3,3

### 2.1 Tenesteproduksjon/brukarperspektivet (T)

#### Kritisk suksessfaktor: Samarbeid om opplæringstilbodet i regionane (T1)

##### Måleindikator T1-1: Opplevd nytte av samarbeid mellom skulane i regionen

Ambisjonsnivå: Gjennomsnitt i regionane > 4,5 (skala 1-6)

##### Resultat:

Skulane vert bedne om å vurdere nytten av å samarbeide om opplæringstilbodet regionvis, på ein skala frå 1-6, med 6 som optimalt utbytte. Resultatet frå kartlegginga syner at

dei vidaregåande skulane i snitt har vurdert nytteverdien til 3,9. For Sogn er snittet 4,3,

for Sunnfjord 3,5 og for Nordfjord 4,3. Ein skule har ikkje oppgitt verdi på nytten av samarbeidet og er ikkje teken med i vurdering/utrekning av gjennomsnitt.

##### Vurdering:

Gjennomsnittsresultatet på 3,9 er 0,3 høgare enn i fjor, men ein ligg framleis under vedteke ambisjonsnivå på > 4,5.



Det er ulik oppleving av verdien av samarbeidet, og sjølv om totalskåren er høgare enn året før er det fleire som opplever at samarbeidet i regionane er vorte dårlegare. Fylkesdirektøren vil følgje opp og drøfte resultatane med rektorane i arbeidet med opplæringstilbodet.

### Måleindikator T1-2: Tilbod om fjernundervisning

Ambisjonsnivå: Tal tilbod >1 pr. skule

#### Resultat:

Rapportane frå skulane viser at 4 av skulane i 2011 har gjennomført undervisningstilbod som fjernundervisning, for til saman 66 elevar. Døme på fag er helsefag, marknadsføring og leing, elektrikarfaget, automasjon og biologi.

	Tal skular	Tal elevar	Tal tilbod
2009	6	187	14
2010	7	202	11
2011	4	66	7

Tabellen syner resultatane for dei tre siste åra. I 2011 er det 3 færre skular som har gitt tilbod

om fag som fjernundervisning. Tal elevar som har gjennomført fjernundervisningstilbod har gått ned frå 202 til 66.

#### Vurdering:

I målekartet er ambisjonsnivået sett til >1, dvs. at alle skulane skal ha sett i gang minst eitt fjernundervisningstilbod retta mot elevar.

Fylkesdirektøren registrerer at tal elevar som får tilbod om fag som fjernundervisning har gått drastisk ned. Alle dei vidaregåande skulane i fylket har no utstyr som gjer det mogeleg å tilby fjernundervisning.

Fylkesdirektøren vil gå grundig gjennom kva som er årsakene til at utstyret ikkje vert brukt i samsvar med intensjonane. Med utgangspunkt i nedgangen i elevtalet i fylket dei næraste åra må ein også gjere nødvendige tilpassingar til ulike rammefaktorar, mellom anna vurdere alternativ organisering av opplæringstilbodet. Behovet for å kunne å kunne tilby elevane fag og tilbod som fjernundervisning vil difor auke. Det er fylkesdirektøren si vurdering at dette framleis er eit område som har for svakt fokus frå skulane si side

### Kritisk suksessfaktor: Læringsmiljø (T2)

#### Måleindikator T2-1: Tilpassa opplæring

Ambisjonsnivå: "Grøn skåre"

#### Resultat:

Måleindikatoren er resultat frå Elevundersøkinga 2011 på vg1. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, med 5 som høgaste.

I elevundersøkinga dekkjer områda mestring, motivasjon, fagleg rettleiing og fagleg utfordring måleindikatoren tilpassa opplæring.

	Mestring	Motivasjon	Fagleg rettleiing	Fagleg utfordring
08/09	x	3,8	3	x
09/10	3,8	3,8	3,1	4,2
10/11	3,8	4,0	3,2	4,2

x= ikkje tilgjengelege tal, då spørsmålet vart endra frå 2010

Dei fire områda er bygde opp rundt til saman ni underspørsmål, som mellom anna handlar om lekser, tilbakemelding og rettleiing, arbeidsformer, eigeninnsats. Resultatane gir ein snittverdi på 3,7.



### Vurdering:

Resultata i Sogn og Fjordane ligg på same nivå som landssnittet. Resultata viser at ambisjonsnivået for måleindikatoren er nådd.

### **Måleindikator T2-2: Trivsel**

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

### Resultat:

Måleindikatoren er resultat frå Elevundersøkinga 2011 på vg1. Det er i undersøkinga brukt ein skal frå 1-5, med 5 som høgaste.

Elevundersøkinga er dette området delt i 2 spørsmål: trivsel med lærarane og sosial trivsel.

Resultata for Sogn og Fjordane er slik:

	Trivsel med lærarane	Sosial trivsel
08/09	3,8	4,3
09/10	3,9	4,3
10/11	4,0	4,3

Resultata gir ein snittverdi på 4,2. Sosial trivsel er igjen delt i tre underspørsmål. Her viser resultata for Sogn og Fjordane følgjande:

	2010 (SFFK)	2011 (SFFK)	2011 (nasjonalt)
Kor ofte greier du dei oppgåvene du har som lekse utan å be om hjelp?	3,8	3,8	3,8
Kor ofte forstår du det som læraren gjennomgår og forklarar?	3,7	3,8	3,7
Kor ofte gir du opp når du arbeider med skolearbeid fordi du synest det er for vanskeleg?	3,3	3,4	3,3
Når eg arbeider med skolefag, startar eg med å finne ut nøyaktig kva eg treng å lære	3,2	3,3	3,3
....., forsikrar eg meg om at eg hugsar dei viktigaste tinga	4,0	4,0	4,0
....., lærer eg utanåt så mykje som mogeleg	3,5	3,7	3,5
....., over eg meg med å gjenta stoffet om att og om att for meg sjølv	3,3	3,5	3,4
....., prøver eg å knyte det nye stoffet til ting som eg har lært i andre fag	3,6	3,5	3,5
....., prøver eg å forstå stoffet betre ved å knyte det til noko eg kan frå før	3,9	3,8	3,8
Eg har tru på at eg kan forbetre meg i faga viss eg sjølv vil det	4,1	4,1	4,0
Eg har mista trua på at eg kan forbetre meg i fag sjølv om eg vil det	3,8	3,8	3,8

	Trivst du godt på skulen	Trivst du saman med gruppa/ klassen din	Trivst du i friminutta
08/09	4,2	4,3	4,4
09/10	4,3	4,3	4,4
10/11	4,3	4,4	4,4

### Vurdering:

Landsgjennomsnittet dei tre siste åra er 3,8 for trivsel med lærarane og 4,3 for sosial trivsel. Resultata i Sogn og Fjordane ligg på same nivå som landssnittet. Resultata viser at ambisjonsnivået for måleindikatoren er nådd.

### **Måleindikator T2-3: Læring**

Ambisjonsnivå: “Grøn skåre”

### Resultat:

Måleindikatoren er resultat frå Elevundersøkinga 2011 på vg1. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, med 5 som høgaste. Nokre spørsmål var nye i 2010, og vi har difor ikkje samanlikna med tidlegare år.

Området læring byggjer på 11 spørsmål knytte til mellom anna arbeidsmåtar og motivasjon:



### Vurdering:


Snittverdi for Sogn og Fjordane i 2011 er 3,7. Dette er same nivå som snittverdi for landet.

### **Måleindikator T2-4: Hybelbuarar på Vg1**


Ambisjonsnivå: Færrest mogleg ufrivillege hybelbuarar.

### Resultat:

Av elevane på Vg1 budde 19 % på hybel (322 av 1695). Det er 2 % færre enn skuleåret 2010-11. Hybelbuarane på Vg1 utgjør 27,6 % av totalt tal hybelbuarar. Diagrammet under syner fordeling mellom utdanningsprogramma.



Kjelde: SATS



Kjelde: SATS



Skuleåret 2011-2012 fekk om lag 84,3 % av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt. Dette er ein reduksjon på 2,3 % i høve året før. (Kjelde: Søkjar- og opplæringsstatistikk 2011-2012.

#### Vurdering:

Tabellen over viser at det er flest hybelbuarar på fylkesdekkande tilbod.

Dette kan tyde på at del ufrivillige hybelbuarar ikkje er spesielt stor. Skulane følgjer opp desse elevane spesielt.

### **Kritisk suksessfaktor: Læringsutbyte (T3)**

#### **Måleindikator T3-1: Karakternivå**

Ambisjonsnivå: >landsgjennomsnittet

#### Resultat

Elevar frå Sogn og Fjordane skårar over landsgjennomsnittet til eksamen i 13 av programfaga. For to fag er resultatet likt med landsgjennomsnittet, medan det er under i eitt fag, samfunnsfagleg engelsk. Samanlikninga omfattar 16 fag, alle frå studiespesialisierende programområde. I fellesfaga er eksamensresultatet meir nyansert. Her har elevar frå Sogn og Fjordane betre resultat enn landet elles i mellom anna hovudmål og sidemål, medan resultatet er dårlegare i nokre få fag, både i språk og matematikk. Samanlikninga i fellesfaga omfattar 18 fag.

#### Vurdering:

Målsetjinga om at elevar frå Sogn og Fjordane til eksamen skal ha karakterar som ligg over landssnittet er nådd i svært mange programfag og i nokre fellesfag også i skuleåret 2010/11. Ambisjonsnivået bør vere høgt etter som skulane i fylket, grunn- og vidaregåande, skårar høgt på nasjonale prøver

#### **Måleindikator T3-2: Standpunkt karakter og eksamensresultat**

Ambisjonsnivå: Betre samsvar mellom resultatata.

#### Resultat:

Avviket mellom standpunkt vurdering og eksamensresultatet er på 0,27 karaktergrader i 2010/ 2011. Då er det tatt med standpunkt vurdering i alle fag og eksamens karakter i fag der det har vore eksamen. Statistikken frå Utdanningsdirektoratet viser at Sogn og Fjordane har mindre avvik mellom standpunkt og eksamen enn landsgjennomsnittet, sjå vedlegg 2.

#### Vurdering:

Avviket er tilnærma det same som for skuleåret 2009/10 (0,22 karaktergrader). Avviket varierer mellom skulane i fylket. Standpunkt vurderinga i Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet i 6 fag og under i 3 fag. Her er det samanlikna i alt 18 fag. Eksamensresultatet viser at elevane i fylket ligg over landsgjennomsnittet i 8 fag og under i 4. Her omfattar samanlikninga 16 fag. Naturfag, som er tatt med i standpunkt vurderinga, har ikkje skriftleg eksamen og er derfor ikkje med i statistikken som gjeld skriftleg eksamen. Elles viser statistikken at elevane frå Sogn og Fjordane ligg jamt med landsgjennomsnittet. Fylkesdirektøren ventar at avviket vert redusert etter kvart som skulane jobbar meir målretta i forhold til ambisjonsnivået for dette området.



## Kritisk suksessfaktor: Yrkes- og studierettleiing (T4)

### Måleindikator T4-1: Fråfall grunna feilval

Ambisjonsnivå: Redusere del elevar som oppgjev feilval som årsak til avbrot.

#### Resultat:

Av 128 rapporterte sluttarar skuleåret 2010-2011 kryssa 22 elevar (17,1 % av sluttarane) av for at avbrotet skuldast feilval. Skuleåret 2009-2010 var det 20 elevar (16,9 % av sluttarane) som slutta grunna feilval.

#### Vurdering:

Ambisjonsnivået er å redusere del elevar som sluttar grunna feilval. Det har ein ikkje klart, men del sluttarar er svært liten. Av inntekne 4240 elevar skuleåret 2010-2011 har om lag 0,5 % slutta fordi dei har vald feil. Dette er same prosenten som året før.

### Måleindikator T4-2: Opplevd kvalitet på rettleiinga

Ambisjonsnivå: "Grøn skåre"

#### Resultat:

Resultata er henta frå Elevundersøkinga 2011, området Karriereveiledning. Det er i undersøkinga brukt ein skala frå 1-5, der 5 er best. I Elevundersøkinga er dette området

delt i to spørsmål. Berre det eine måler kvaliteten på rettleiing gitt i vidaregåande opplæring: "I hvilken grad er du fornøyd med informasjonen du får på skolen om ulike utdannings- og yrkesvalg."

Resultatet for Sogn og Fjordane er 3,5 for dette spørsmålet. Dette er det same som året før.

#### Vurdering:

Ambisjonsnivået er sett til grøn skåre, dvs > 3,3. Resultatet på 3,5 er over vedteke ambisjonsnivå, som for 2010.



### Måleindikator T4-3: Gjennomføring

Ambisjonsnivå: Innan 2012 skal 80 % fullføre opplæringa på normert tid.

#### Resultat:

Tabellen under viser gjennomstrøyming for elevar/lærlingar som starta på grunnkurs hausten 2004 og hausten 2005 (kjelde: SSB). Fullført opplæring inneber at eleven/lærlingen har bestått alle årssteg i vidaregåande opplæring som fører til vitnemål eller fag-/sveinebrev.





#### *Fullført på normert tid:*

Av elever/ lærlingar i Sogn og Fjordane som starta på grunnkurs i 2005 gjennomførte 59 % på normert tid. Normert tid svarar til treårig opplæring for elevar og fireårig opplæring for lærlingar. Tabellen viser at elevar/lærlingar i Sogn og Fjordane har høgare gjennomføringsprosent enn landet.

Det er inga endring i gjennomføringsprosenten i Sogn og Fjordane i høve året før. Det er fleire kvinner enn menn som fullfører på normert tid.



#### *Fullført på meir enn normert tid:*

Av elevar/lærlingar i Sogn og Fjordane som starta på grunnkurs i 2005 var det 16 % som fullførte opplæringa på meir enn normert tid. For Sogn og Fjordane utgjør dette ein auke på 1 % i høve året før. For landet er gjennomføringa 13 %.

#### *Framleis i vidaregåande opplæring etter 5 år:*

Etter 5 år er 6 % av elevane/lærlingane i Sogn og Fjordane, som starta på grunnkurs i 2005, framleis i vidaregåande opplæring. Landssnittet er 5 %.

#### *Gjennomført VG3 / gått opp til fagprøve, ikkje bestått:*

Når det gjeld fullført VG3/ gått opp til fagprøve og ikkje bestått, har Sogn og Fjordane prosentdel på 6 %. Dette er 1 % lågare enn landet. I høve dei som starta i 2004 er det ein auke på 1 %.

#### *Slutta undervegs:*

Av elevar/lærlingar som starta på grunnkurs i 2005 og slutta undervegs ser vi ein reduksjon på 2 % i høve året før. Landet samla har 5 % høgare prosentdel sluttarar enn Sogn og Fjordane. Det er fleire menn enn kvinner som sluttar undervegs i opplæringa.

#### Vurdering:

Av dei som starta grunnkurs i Sogn og Fjordane i 2005 gjennomførde om lag 60 % på normert tid – det er same nivå som året før. Ambisjonsnivået om gjennomføring på 80 % innan 2012 ligg langt over det nasjonale ambisjonsnivået, og er ikkje realistisk. Frå 2012 er ambisjonsnivået for

denne måleindikatoren knytt opp mot målsettingane i *Ny GIV*.

#### *Ny GIV*

Sogn og Fjordane kan vise til gode statistikkar på gjennomføring i høve nasjonal målsetjing. I samband med den nasjonale satsinga *Ny GIV* er det ei målsetjing at talet på elevar som går vidare frå første (Vg1) til andre (Vg2) steg i vidaregåande opplæring skal auke med to prosent kvart år. I Sogn og Fjordane gjekk tre prosent fleire elevar vidare til Vg2 i 2011 enn i 2010.

Årsrapporteringa for 2011 når det gjeld *Ny GIV* viser at:

- dei fleste skulane har spreidd kompetansen etter skoloringa i *Ny GIV* ved orientering i heile kollegiet i tillegg til at dei faglege opplegga er spreidd i fagseksjonane.
- dei fleste skulane er i gang med yrkesretting av fellesfaga i matematikk, norsk og engelsk. Mange skular har eit tett samarbeid mellom programfaga og fellesfaga, medan mange skular møter utfordringar når det gjeld organisering i skulekvardagen. Alle skular er positive til satsinga og ser klart at dei har utfordringar innan yrkesretting.
- det stort sett er kontaktlærar, rådgjevar og OT (oppfølgingstenesta) som tek del på sluttsamtalen med elevar som vurderer å slutte på skulen.
- det er få ungdomar som er registrert i oppfølgingstenesta som tek del i ordinær opplæring.

### **Kritisk suksessfaktor: Elev- og lærlingmedverknad (T5)**

#### **Måleindikator T5-1: Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval**

Ambisjonsnivå: «Grøn skåre»

#### Resultat:

Alle skulane har elevrepresentasjon i dei lovpålagde råda og utvala. I tillegg vert



elevane på dei fleste skulane nytta i ulike arbeids- og prosjektgrupper, i alle saker som vedkjem elevane og særleg på område som er knytte til satsingsområda i skulen sin utviklingsplan. Døme på dette er ulike aktivitetsdagar, utdanningsmesser, høyrings- og planarbeid. Det er plan for møta mellom skuleleiinga og elevråda på alle skulane.

#### Vurdering:

Dette området er også for 2011 i samsvar med ambisjonsnivået i målekartet, “grøn skåre”.

### **Måleindikator T5-2: Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa**

Ambisjonsnivå: «Grøn skåre»

#### Resultat:

For denne måleindikatoren er resultatata henta frå Elevundersøkinga våren 2011. Det er i undersøkinga brukt ein skal frå 1-5, med 5 som høgaste. På spørsmålet *Veit du kva du skal lære i dei ulike faga?* er svara for Sogn og Fjordane slik dei siste tre åra:

2009	3,69
2010	3,94
2011	4,01

Punktet “Elevmedverknad” har fem underspørsmål, som fokuserer på elevane sine mogelegheiter til å påverke i høve arbeidsplanar, arbeidsmåtar, oppgåvetypar osv.

Snittresultatet nasjonalt har vore 2,5 dei siste fem åra. For Sogn og Fjordane er snittresultatet tilsvarande stabilt, men litt høgare, dvs. 2,6. Lågaste skåre, 2,1, finn vi på spørsmålet om deltaking i utarbeiding av arbeidsplanar, medan påverknad på val av arbeidsmåtar er oppe i 2,9.

Punktet *Elevmedverknad* har òg to underspørsmål om kor godt arbeid elevrådet gjer og om skulen høyrer på forslag frå elevane. I 2011 er snittresultatet for desse to spørsmåla 3,6 mot 3,4 nasjonalt.

#### Vurdering:

Resultata for det første spørsmålet viser ei positiv utvikling frå 2009 til 2011. Sjølv om det ikkje heilt dekkjer alle områda (planlegging, gjennomføring og vurdering) i vedteke målekart, gir dette delsvaret likevel ein indikator på at læreplanfokuset på skulane har betra seg noko. Resultata på *Elevmedverknad* i Elevundersøkinga er ikkje gode nok, ut frå ambisjonsnivået lik eller betre enn 3,3.

Fokus på elevane sin rett til å påverke planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga har vore svært tydeleg dei siste åra, ikkje minst gjennom oppfølginga av *Rom for alle, syn for den enkelte*. Når resultatata likevel er under venta nivå over tid, men samstundes betre enn nasjonalt resultat, tyder dette på at ambisjonsnivået har vore noko høgt i forhold til korleis spørsmåla er utforma i Elevundersøkinga.

## **Temaområde for tilstandsrapporten 2011 som ikkje vert dekkja av målekartet**

### **Område: Spesialundervisning**

#### Resultat:

Rapporteringa frå skulane viser at det skuleåret 2010/2011 var 391 elevar (9,1 % av elevtalet) med enkeltvedtak for



spesialundervisning. Dette er ein auke på 50 elevar (1,1 %) i høve til året før.

Rapporteringa frå skulane viser at alle elevar med enkeltvedtak har individuell opplæringsplan.

I løpet av skuleåret var det 31 elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning (7,9 %) som slutta/avbraut opplæringa i løpet av skuleåret.

#### Vurdering:

Noko av årsaken til auken i talet på elevar med enkeltvedtak, kan vere at det til skuleåret 2010/2011 var inntekne 66 fleire elevar i skulane enn året før.

7,9 % av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har slutta/avbrote opplæringa i løpet av skuleåret. Dette er ein auke frå året før, då prosentandelen var 6,5 %.

Samanlikna med tidlegare år der prosentandelen har vore omlag 10 %, er vi framleis inne i ei positiv utvikling. Dei siste åra har det vore fokus på arbeidet med å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring, og når det gjeld elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Det er fleire elevar med enkeltvedtak som sluttar/avbryt opplæringa enn elevar utan enkeltvedtak. Det er forventa ein differanse mellom desse to gruppene ut frå dei samansette vanskeområda som elevar med enkeltvedtak

## 2.2 Regional utviklingsaktør (R)

**Kritisk suksessfaktor: Opplæringstilbodet er sett i samanheng med offentleg og privat verksemd sine behov (R1)**

### **Måleindikator R1-1: Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal lærlingar**

Ambisjonsnivå: Større samsvar enn året før.

har. Det er eit mål å redusere tal sluttarar/avbrot i denne gruppa, mellom anna gjennom eit betre samarbeid mellom ulike instansar som PPT, rådgjevarar i skule, avgjevarskule og mottakarskule, barnevern, helsetenesta og ikkje minst føresette og eleven sjølv.

### **Område: Vaksne**

#### Resultat:

Rapportering viser at 444 vaksne har fått tilbod om vidaregåande opplæring særskilt tilrettelagt for vaksne i 2011. Dette er om lag som i 2010. Av desse hadde 260 vaksenrett.

Samla har 318 vaksne teke til på opplæring i 2011. 192 har fullført og bestått opplæring i 2011, mot 209 i 2010. 44 vaksne har avbrote opplæringa i 2011, noko som er ein markert nedgang i talet på avbrot frå 2010 (86). Det er i hovudsak dei vidaregåande skulane som har hatt ansvar for opplæringa. Det har vore tilbydd opplæring i 15 ulike programområde, i tillegg til felles allmenne fag for dei som ønskjer studiekompetanse. Fleire av opplæringstilboda som er sette i gong i 2011 vert avslutta først i 2012.

#### Vurdering:

Breidda i opplæringstilbodet har vore vesentleg større i 2011 enn i 2010, medan tal deltakarar var om lag det same.

#### Resultat:

Lærefag med for få læreplassar i høve tal søkjarar 2011:



Lærefag	Tal lærepl.	Tal søkjarar
Bilfag lette køyretøy	15	21
Matrosfaget	7	15
Motormannfaget	7	11

Lærefag med for få søkjarar til læreplassar i høve til behovet i næringslivet i 2011:

Lærefag	Tal lærepl.	Tal søkjarar
Akvakultur	16	0
Helsearbeiderfaget	35	6
Institusjonskokk	16	2
IKT - servicefaget	22	14
Kjemiprosessfaget	9	0
Platefaget	9	2
Sveisefaget	7	3

#### Vurdering:

Det var 443 søkjarar til opplæring i bedrift i 2011, 57 færre enn i 2010.

I 2011 var det 735 avtalar om læreplass i godkjende bedrifter, 30 færre enn i 2010.

Talet på avtalar om læreplassar er ikkje eit reelt tal, m.a. fordi ein del lærebedrifter ikkje tek inn lærlingar kvart år.

Totalt sett er det rikeleg tilgang på læreplassar i høve søkartala i Sogn og Fjordane, men det er ikkje godt nok samsvar mellom søkarane sine utdanningsval og ynskje og arbeidslivet sine behov. Det er

stort sett dei same lærefaga som har utfordringar når det gjeld manglande tilgang til læreplassar, som tidlegare år.

Det var bilfaga som stod att med flest søkjarar utan læreplass. For å gje søkjarar til bilfaga eit tilbod vart det oppretta ei gruppe Vg3 Bilfaget, lette køyretøy og bilskadefaget. Opplæringa er eit samarbeid mellom Bilbransjens opplæringskontor og Øyrane vidaregåande skule og starta 30.11.11 Dei åtte søkjarane i bilfaga som stod att utan læreplass fekk tilbod og takka ja.

Tal søkjarar med ungdomsrett, utan tilbod om læreplass i november 2011, var 22 (4,9 % av søkjarane til opplæring i bedrift), mot 19 (4,1 %) året før.

Fylkeskommunen fekk også i 2011 tildelt ekstra tilskot frå staten for å styrke opplæring i bedrift. Tilskotet har m.a. vore nytta til å stimulere bedrifter til å ta inn søkjarar som grunna mykje fråvær og svake karakterar har vanskar med å skaffe seg læreplass.

Fylkeskommunen har også i 2011 sett av ein del av dei statleg tildelte midlane til arbeid med å auke tal læreplassar. Resultatet vart 49 nye lærebedrifter.

Det vart i 2011 godkjent eit nytt opplæringskontor; Årdal opplæringskontor. Opplæringskontoret er tverrfagleg og godkjent i 16 ulike lærefag.

**Kritisk suksessfaktor: Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv (R2)**

#### **Måleindikator R2-1: Partnerskapsavtalar**

Ambisjonsnivå: Nyttverdi >4,5 (skala 1-6)

#### Resultat:

Skulane har rapportert om til saman 489 partnerskapsavtalar i 2011, mot 482 i 2010. Dette inneber rimeleg stor grad av stabilitet. Det er framleis ein skule som melder at den



ikkje har partnerskapsavtalar. Skulen har likevel eit godt samarbeid med næringslivet i regionen, utan at dette er formalisert gjennom avtalar. Gjennomsnittsvurderinga på opplevd nytte av partnerskapsavtalane er 4,4. Dette er ein liten nedgang frå 2010, då målinga viste ein snitt på 4,5.

Vurdering:

Ambisjonsnivået for denne måleindikatoren er sett til >4,5 på en skala 1-6 på opplevd

nytteverdi. Sjølv om resultatet på 4,4 viser ein liten nedgang frå 2010, må det vurderast å vere tilfredsstillande og i samsvar med ambisjonsnivået. Det reelle omfanget av samarbeid med næringslivet er mykje større enn det som går fram av denne rapporteringa. Det er skulane si oppfatning at det i hovudsak er lett å finne samarbeidspartar i lokalt næringsliv.

**Kritisk suksessfaktor: Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga i lokalsamfunn og næringsliv (R3)**

**Måleindikator R3-1: Lokalt næringsliv nyttar skulane aktivt i si kompetanseheving**

Ambisjonsnivå: Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs

Resultat:

Rapportane frå skulane viser at 4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs for lokalt næringsliv i 2011, til saman 179 kurs. Det må nemnast at sikkerheitssenteret ved Måløy vidaregåande skule står for over halvparten av kursa.

Vurdering:

Målet for 2011 er heller ikkje nådd. Tal skular er som i 2010, medan det er ein liten nedgang i tal kurs. Resultatet på dette området må difor framleis vurderast til å ikkje vere godt nok. Fylkesdirektøren vil følge opp dei skulane som over tid ikkje viser til engasjement i den lokale kompetansemarknaden.

**Måleindikator R3-2: Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv**

Ambisjonsnivå: Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjer 20 % av totalen.

Resultat:

4 av dei 179 kursa som vart gjennomførde for lokalt næringsliv vart gjevne som fjernundervisning. Dette svarar til 2,2 %. For 2010 viste rapporteringa at 2,5 % av kursa vart tilbodne som fjernundervisning.

Vurdering:

Nedgangen i 2011 er relativt liten, men med eit ambisjonsnivå på 20 % er resultatet er ein er langt frå å nå målet. Etter fylkesdirektøren si vurdering har skulane framleis ei stor utfordring i høve å ta i bruk teknisk utstyr, også når det gjeld tilbod retta mot målgrupper utanfor skulen. Fylkesdirektøren vil greie ut årsakene til dette særskilt, og også vurdere realismen i ambisjonsnivået.



**Kritisk suksessfaktor: Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse (R4)**

**Måleindikator R4-1: Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid**

Ambisjonsnivå: Eigenvurdering  $\geq 5$  (skala 1-6)

Resultat:

Skulane har rapportert på eiga vurdering av skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid, på ein skala frå 1-6. Gjennomsnittresultatet er på 4,75, mot 4,5 i 2010.

Vurdering:

Ambisjonsnivået er sett til  $>5$ , og fylkesdirektøren kan konkludere med at heller ikkje for 2011 er målet nådd. Det er likevel ei svak positiv utvikling frå 2010. Fylkesdirektøren vil følgje opp kva som kan vere årsakene til at skulane vurderer eiga rolle som regional utviklingsaktør slik dei gjer.

**Kritisk suksessfaktor: Dei vidaregåande skulane har fokus på miljø- og klimautfordringane i opplæringa og si eiga bedrift (R5)**

**Måleindikator R5-1: Aktivitetar og tiltak knytte til oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø i opplæringa**

Ambisjonsnivå: Alle skulane har minst 2 aktivitetar/tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid knytt til miljøbelastning og klimautfordringane i utviklingsplanane

Resultat:

Av rapporteringa frå skulane går det fram at to skular har denne type tiltak i utviklingsplanane sine.

Vurdering:

Målet om at alle skulane skal ha minst to tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid i høve miljøbelastning og klimautfordringane er ikkje nådd. Noko av forklaringa på at slike tiltak ikkje finst i utviklingsplanane er at måleindikatorane i høve oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø kom med i målekartet første gang for 2011.

Utviklingsplanane er ikkje reviderte sidan 2010, i påvente av at nytt mål- og

strategidokument for vidaregåande opplæring skal vedtakast i 2012.

Heile den fylkeskommunale verksemda skal innan 2014 vere miljøsertifisert. Arbeidet retta mot dei vidaregåande skulane er sett i gang. Fylkesdirektøren vurderer det difor slik at dette området får større merksemd ved komande revisjon av utviklingsplanane og gjennom pågåande miljøsertifisering.

**Måleindikator R5-2: Tal elevar og tilsette som går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen**

Ambisjonsnivå: Halvparten av alle elevar som har høve til det går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen

Resultat:

Svært mange elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane er avhengige av skyss for å komme seg til skulen, og nyttar slik sett offentleg transport. Kor mange av dei som er avhengige av skyss som nyttar eigen bil i staden for offentleg transport går ikkje fram av svara frå skulane.



#### Vurdering:

Måleindikatoren og ambisjonsnivået er utforma slik at det føreset at skulane har registrert eller kartlagt kor mange av elevane og dei tilsette som har høve til det som går/syklar eller nyttar kollektivtransport til skulen. Dette har ikkje skjedd.

Fylkesdirektøren vil vurdere korleis ein på ein enklare måte kan få fokus på desse utfordringane i målekartet for 2013.

#### **Måleindikator R5-3: Prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp**

Ambisjonsnivå: Minst 4 skular har/deltek i større prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp

#### Resultat:

To skular rapporterer at dei er engasjerte i klimaprojekt gjennom det internasjonale arbeidet sitt. Bortsett frå desse er det ingen skular som deltek i prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.

### **2.3 Rammevilkår/økonomi (Ø)**

#### *2.3.1 Rapportering frå dei vidaregåande skulane*

<b>Kritisk suksessfaktor: Samsvar mellom mål og rammer (Ø1)</b>
---

#### **Måleindikator Ø1-1: Avvik i høve budsjett**

Ambisjonsnivå: Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- <2 %

#### Resultat:

I 2011 hadde fem vidaregåande skular eit meirforbruk i høve budsjettet, medan åtte skular hadde eit mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 1,9 mill. kr til om lag 0,4 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag -1,6 mill. kr til om lag -0,020 mill. kr. Samla

#### Vurdering:

Fylkesdirektøren viser her til vurderinga som er gitt til måleindikator R5-1.

#### **Måleindikator R5-4: Jordbruksskulane er aktive i klimaarbeidet i fylket**

Ambisjonsnivå: Begge naturbruksskulane synleggjer deltaking i klimaarbeidsprosessar i eigen utviklingsplan

#### Resultat:

Dette spørsmålet gjekk berre til Sogn jord- og hagebruksskule og Mo og Jølster vidaregåande skule. Begge skulane melder at dei ikkje er aktive i klimaarbeidet i fylket generelt.

#### Vurdering:

Det er fylkesdirektøren si vurdering at dette er eit område skulane har kompetanse på og bør engasjerast i. Fylkesdirektøren vil ta eit initiativ for å kople arbeidet med oppfølging og revisjon av klima- og miljøplanen tettare mot naturbruksskulane.



### Vurdering:

Ambisjonsnivået om budsjettbalanse innan eit akseptabelt avvik på +/- 2 % er nådd for dei fleste skulane. Fylkesdirektøren vil også i 2012 ha særskilt fokus på oppfølging av skular med avvik ut over vedteke ambisjonsnivå.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der evt. meirforbruk/mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året

etter. Dette gir skulane eit utvida handlingsrom, både til å kunne spare opp midlar med tanke på større tiltak seinare, eller til å gjennomføre notiltak mot framtidige innsparingar. 5 skular melder at dei bevisst har styrt mot meir-/mindreforbruk. Dette er ein skule mindre enn i 2010.

For sektoren samla er ambisjonsnivået nådd.

## **Kritisk suksessfaktor: Økonomistyring (Ø2)**

### **Måleindikator Ø2-1: Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap**

Ambisjonsnivå: Godt samsvar

#### Resultat:

Tilbakemeldingane frå skulane viser at 13 av 14 har faste rutinar for utarbeiding av prognoser/vurdering av forventa årsrekneskap. 8 skular utarbeider fleire enn 2 prognosar i løpet av året, 3 skular utarbeider 2 prognosar, medan 1 skule utarbeider 1 prognose i løpet av året. 1 skule melder at dei ikkje utarbeider årsprognosar, men at dei likevel har god kontroll på økonomien. 9 skular meiner det er godt samsvar mellom utarbeidde prognosar/vurdering av forventa årsrekneskap og faktisk årsrekneskap, medan 4 skular meiner det er mindre godt samsvar. 1 skule seier ikkje noko om samsvar mellom prognose og resultat.

#### Vurdering:

Fylkesdirektøren for opplæring har ikkje gjennomført system for tertialrapportering for dei vidaregåande skulane. Dette skuldast den særskilde driftssituasjonen for skulane, med inndeling i skuleår, ujamn fordeling av driftskostnader gjennom budsjettåret og ordninga med resultatoverføring. Som følgje av ordninga med resultatoverføring ser det likevel ut til at dei fleste skulane legg aukande vekt på utarbeiding av prognosar/vurdering av forventa årsrekneskap og oppfølging av budsjettet gjennom driftsåret.

## **Kritisk suksessfaktor: Ressursbruk i tenesteproduksjonen (Ø3)**

### **Samla vurdering – ressursbruk og resultat i tenesteproduksjonen**

Diagrammet under viser ressursbruk i tenesteproduksjonen i 2011 og utvikling i ressursbruk frå 2010 til 2011, for Sogn og



Fjordane samanlikna med landsgjennomsnittet. Dei offisielle

KOSTRA-tala for 2011 er førebelse og kan bli justerte fram til 15. juni 2012. Vi legg likevel desse tala til grunn (og ikkje tala frå 2010), då desse korresponderer best med



aktivitets- og økonomitala som er grunnlaget for årsmeldinga. (I årsmeldinga for 2010 vart KOSTRA-tala for 2009 lagt til grunn for omtalen). Våren 2011 tok Sogn og Fjordane fylkeskommune i bruk nytt løns, rekneskaps- og økonomisystem og endra samstundes

kontoplanen. Desse endringane gjer at 2011 (overgangsåret) er eit lite eigna samanlikningsår. Den nye kontoplanen er meir tilpassa KOSTRA-strukturen og vil framover vil vere eit godt verktøy for å få KOSTRA-tal med god kvalitet.



Det nasjonale Ny GIV-prosjektet har utvikla nye teljeindikatorar for å måle gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tala for Sogn og Fjordane frå 2010 viser m.a.:

- 98,8 % av elevane frå ungdomsskulen starta i vidaregåande opplæring mot 96,6 % nasjonalt.
- Elevane i fylket ligg over den nasjonale målsetjinga for gjennomføring frå Vg1 til Vg2. I Ny GIV prosjektet er det sett mål om at talet på elevar som går vidare frå første (Vg1) til andre (Vg2) trinn i



vidaregåande opplæring skal auke med to prosentpoeng kvart år i prosjektperioden. I Sogn og Fjordane auka del elevar som gjekk vidare til vg2 med 3 prosentpoeng frå 2010 til 2011.

- I 2010 slutta 3,8 % av elevane i vidaregåande mot 3,3 % i 2009. Tala for 2011 er enno ikkje klare etter nye teljeindikatorar i Ny GIV.
- Den største utfordringa med omsyn til gjennomføringa i vidaregåande opplæring, er overgangen frå Vg2 til Vg3/ lære. I 2010 gjennomførte 74 % av elevane denne overgangen.

Tala for 2011 er enno ikkje klare etter dei nye teljeindikatorane som er utvikla i prosjektet. Fylkesdirektøren arbeider med å kartlegge nærare kva som ligg i desse tala.

Som tidlegare, tyder resultatata på at meirbruken av midlar pr. elev i Sogn og Fjordane samanlikna med resten av landet, har gjeve konkrete resultat når det gjeld gjennomføring i vidaregåande opplæring. Under følgjer ein gjennomgang av resultat knytt til dei einskilde måleindikatorane for samanlikning av økonomital med landsgjennomsnittet i vedteke målekart.

#### **Måleindikator Ø3-1: Samla kostnad pr. elev**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var samla kostnad pr. elev 0,154 mill. kr - ein auke på 1,2 % frå 2010.

Landsgjennomsnittet var 0,131 mill. kr - ein auke på 2,2 % i høve året før.

##### Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg godt over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Auken i kostnad frå 2010 til 2011 er mindre for Sogn og Fjordane enn for

landsgjennomsnittet. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er såleis nådd.

#### **Måleindikator Ø3-2: Kostnad pr. elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (adm. m.m.) og skyss**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,044 mill. kr – ein reduksjon på 3,8 % i høve året før.

Gjennomsnitt for landet var på 0,035 – ein auke på 1,4 % i høve året før.

##### Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg godt over landssnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er likevel nådd.

#### **Måleindikator Ø3-3: Kostnad pr. elev på tenesteområdet pedagogisk leing, fellesutgifter, vidaregåande skular og gjesteelevar**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,020 mill. kr – ein reduksjon på 3,2 % frå året før. Gjennomsnitt for landet var på 0,015 mill. kr – ein auke på 3,4 % i høve året før.

##### Vurdering:

KOSTRA-statistikken dei siste åra viser at kostnad pr. elev på tenesteområdet for Sogn og Fjordane har vore rimeleg stabilt, medan landsgjennomsnittet har auka. Dette har m.a. samanheng med endringar i KOSTRA-rapporteringa der større del av kostnadane er



ført på utdanningsprogram. Sogn og Fjordane ligg likevel framleis godt over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er nådd.

#### **Måleindikator Ø3-4: Kostnad pr. elev til spesialundervisning og tilpassa opplæring**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,017 mill. kr – ein reduksjon på 9,6 % frå året før. Gjennomsnitt for landet var på 0,015 mill. kr – ein auke på 4,8 % i høve året før.

##### Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg framleis noko over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad pr. elev på tenesteområdet.

Kostnadsreduksjonen som kjem fram i høve året før har m.a. samanheng med endringar i KOSTRA-rapporteringa, der kostnadene no er delt på fleire funksjonar enn tidlegare (ikkje alle kjem fram i denne måleindikatoren). Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er nådd.

#### **Måleindikator Ø3-5: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd Studieførebuande utdanningsprogram**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,060 mill. kr – ein auke på 10,4 % frå året før. Gjennomsnitt for landet

var på 0,057 mill. kr – ein auke på 1,3 % i høve året før.

##### Vurdering:

KOSTRA-statistikken viser ei utvikling for Sogn og Fjordane frå lågare til høgare kostnad pr. elev samanlikna med landsgjennomsnittet. Endringa har truleg m.a. samanheng med endringar i rekneskapsføringa ved at det no er meir fokus på å få fram kostnadene knytt til det ein skilde utdanningsprogram, medan kostnadene tidlegare vart ført på samlepostar som t.d. pedagogisk leing m.v.. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er ikkje nådd.

#### **Måleindikator Ø3-6: Kostnad pr. elev til basis opplæringsverksemd Yrkesfaglege utdanningsprogram**

Ambisjonsnivå: Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet

##### Resultat:

I 2011 var kostnad pr. elev på tenesteområdet 0,087 mill. kr – ein auke på 7,9 % frå året før. Gjennomsnitt for landet var på 0,078 mill. kr – same nivå som året før.

##### Vurdering:

Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet når det gjeld kostnad pr. elev. Kostnadsutviklinga viser same trend for denne måleindikatoren som for måleindikator Ø3-5, jf. omtalen over. Målsettinga om at kostnadsnivået for indikatoren ikkje skal auke meir enn gjennomsnittet for landet er ikkje nådd.

*2.3.2 Nærare om måleindikator Ø1- 1 Avvik i høve budsjett – årsresultat for tenesteområda innan opplæringssektoren*



### Driftsresultat for opplæringssektoren

Tabellen under viser sektoren sitt resultat i 2011 på dei ulike programområda. Totalt hadde sektoren eit mindreforbruk på 5,749

mill. kr i 2011. Akkumulert mindreforbruk på anna verksemd utgjer i 2011 samla 12,872 mill. kr. Av dette utgjer resultatet for 2011 eit meirforbruk på 0,261 mill. kr.

- mindreforbruk + meirforbruk (i mill. kr)


Programområde 21-29		Budsjett	Rekneskap	Resultat
21	Drift av dei vidaregåande skulane	504,224	502,969	-1,255
22	Fellesutgifter for skulane	14,162	14,476	0,314
23	Drift/vedlikehald av skulebygg	35,461	31,871	-3,59
25	Tilpassa opplæring	89,023	85,491	-3,532
28	Fagopplæring	64,090	64,816	0,726
29	Andre område	29,840	31,428	1,588
<b>Sum</b>		<b>736,800</b>	<b>731,051</b>	<b>-5,749</b>

Under følger gjennomgang av årsresultatet for dei ulike tenesteområda i sektoren, med


fokus på område med avvik i høve vedteke budsjett.

### Driftsresultat vidaregåande skular


- mindreforbruk + meirforbruk (i mill. kr)



- mindreforbruk + meirforbruk (i mill. kr)



- mindreforbruk + meirforbruk (i mill. kr)



**Resultat:**

5 vidaregåande skular hadde i 2011 eit meirforbruk i høve vedteke årsbudsjett, medan 8 skular hadde eit mindreforbruk. Samla hadde skulane eit meirforbruk på 0,556 mill. kr på den ordinære drifta i 2011.

Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på 3,340 mill.kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemd hadde skulane eit meirforbruk i 2011 på 0,260 mill. kr.



Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 12,872 mill. kr knytt til anna verksemd.

#### Vurdering:

Skulane sine driftsresultat på ordinær drift i 2011 varierer frå mindreforbruk i høve vedteke budsjett på om lag 1,6 mill. kr til meirforbruk på om lag 1,9 mill. kr. 5 av skulane går ut over akseptabelt avviksnivå i målekartet på +/- 2 %. Ordninga med resultatoverføring gir skulane større handlingsrom og høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einskilde år. Oppfølging av driftsresultata ved dei vidaregåande skulane er eit tema m.a. i samband med fylkesdirektøren sin styringsdialog med skulane.

#### *Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring*

#### Resultat:

Tenesta hadde eit meirforbruk i 2011 på om lag 0,420 mill. kr.

#### Vurdering:

*System- og informasjonskostnader* hadde i 2011 eit mindreforbruk på om lag 0,200 mill. kr. Mindreforbruket skuldast overgang til meir web-basert informasjon i staden for trykte informasjonshefte.

*Omstillingstiltak for pedagogisk personale og seniortiltak* hadde i 2011 eit meirforbruk på omlag 1,700 mill. kr. Dette skuldast at overtalssituasjonen for lærarar og elevassistentar har vore meir kostnadskrevjande enn føresett på budsjetteringstidspunktet. I tillegg kom rekrutteringskostnader ved rektortilsettingar.

*Organisasjons- og personalutvikling* hadde i 2011 eit mindreforbruk på om lag 1,000 mill. kr. Dette skuldast m.a. unytta midlar til elev- / lærlingundersøking, digitale innovatørar og nettverksarbeid.

#### *Teneste 2202 Eksamensutgifter*

#### Resultat:

Budsjettet for 2011 var på kr 2,520 mill. Tenesta hadde eit meirforbruk på 0,177 mill. kr i høve budsjettet. Det har vore ein nedgang i kostnadane til *eleveksamen* samstundes som tal privatistar har auka. Utgiftene til *privatisteksamen* har auka sjølv om mange skriftlege eksamenar er sentralt gitt, også sensuren. Desse kostnadane fell ikkje på fylkeskommunen. Det at mange elevar tar privatisteksamen i munnlege fag for å betre karakterar og/eller tar ekstra fag medan dei er elevar i vidaregåande opplæring er ein av hovudgrunnane til auka utgifter for fylkeskommunen. Vi kan rekne med at auken i tal kandidatar i denne kategorien vil halde seg på dagens nivå eller auke.

#### Vurdering:

Variasjonen i utgiftene til eleveksamen har samanheng med kor mange elevar som vert trekte ut til eksamen. Fordelinga mellom skriftleg og munnleg/munnleg praktisk eksamen vil vere nokså lik frå år til år. Forholdet skriftleg – munnleg varierer og er ei forklaring på forskjell i utgifter frå år til år. Fleire grupper i munnleg, praktisk og lokalt gitt skriftleg eksamen gir større utgifter enn dersom mange vert trekt ut til sentralt gitt skriftleg eksamen på dette trinnet.

I Vg1, alle programområda, og i Vg2 yrkesfag, er omfanget av eksamen mindre. Tal elevar og type eksamen varierer kvart år og utgiftene vil variere tilsvarande. Alle elevane i Vg2 skal ha ein obligatorisk tverrfagleg praktisk eksamen og med mange grupper i Vg2 vert utgiftene tilsvarande høge. Kvart år har vi òg eit varierende tal privatistar i praktiske fag.

Auken i utgifter til skriftleg sensur for privatistar vart mindre enn rekna med trass i



fleire kandidatar. Årsaka er eit breitt samarbeid med andre fylke

#### *Teneste 2211 Gjesteelevar*

##### Resultat:

I 2011 var det opprinneleg budsjettert med netto 6,240 mill. kr til kjøp av elevplassar i andre fylke og sal av elevplassar til andre fylke. Med bakgrunn i rekneskapstala for 2010 (mindreforbruk på 1,029 mill. kr) vart budsjettet for 2011 justert ned med 1,000 mill. kr i tertial 1/11. Budsjettet vart ytterligare redusert med 0,500 mill. kr i tertial 2/11 ut i frå dei vurderingane ein då gjorde av rekneskapstala første halvår. Revidert budsjett for 2011 var på netto 4,740 mill. kr. Ved rekneskapsavslutninga viste tenesta eit meirforbruk i 2011 på 0,070 mill. kr.

##### Vurdering:

Kostnaden til gjesteelevar er knytt til kjøp av elevplassar i andre fylke inkl. Hordalandsavtalen.

Inntektene i 2011 er om lag 0,270 mill. kr høgre enn budsjettert (auke med 0,190 mill. kr i høve 2010). Når det gjeld kjøp av elevplassar er kostnaden om lag 0,340 mill. kr høgre enn budsjettert.

I 2011 vart det kjøpt elevplassar i Hordaland (inkl. Hordalandsavtalen) for 4,747 mill. kr – om lag same nivå som i 2010. Kjøp av plassar frå andre fylke – utanom Hordaland-

var på 0,776 mill. kr i 2011 - ein auke på 0,300 mill. kr i høve 2010. Skuleåret 2011/2012 var det 43 elevar som nytta seg av Hordalandsavtalen - ein auke på 4 i høve førre skuleår.

#### *Programområde 23 Drift og vedlikehald av skulebygg*

##### Resultat:

Programområdet hadde i 2011 eit budsjett på 34,461 mill. kr. Resultatet viste eit mindreforbruk på 3,590 mill. kr.

##### Vurdering:


Programområdet omfattar teneste 2301 vedlikehald/drift av skulebygg og teneste 2302 vaktmeisterteneste. Resultatet er fordelt med mindreforbruk på om lag 3,900 mill. kr på vedlikehald/drift av skulebygg og meirforbruk på om lag 0,300 mill. kr knytt til vaktmeisterteneste.

Innsparinga går i hovudsak på energiforbruk med ca. 3,200 mill. kr og skuldast klimatiske forhold med høgare snitt temperatur enn forventa, i tillegg til ei effektivisering av energiforbruket.

Vedlikehald av skulebygga er gjennomført etter planen.

For både energi og vedlikehald er det noko etterslep av kostnader i form av faktiske utgifter som gjeld 2011, men som ikkje er fakturert og bokført før i 2012.



Resultat:

Tenesta kom i 2011 ut med eit samla mindreforbruk på om lag 2,050 mill. kr.

Dei vidaregåande skulane har eit mindreforbruk på om lag 1,690 mill. kr i høve budsjettet, medan det er eit mindreforbruk på 0,360 mill. kr knytt til kjøp av tenester i andre fylke, private skular, folkehøgskular, grunnskular tilpassa opplæring i bedrift mm.

Vurdering:

Løyvinga til tilpassa opplæring, inkludert spesialundervisning, må vurderast som ei anslagsløyving. For skuleåret 2011/2012 var det ein auke i tal søkjarar med rett til spesialundervisning. Utgiftene til kjøp av tenester i andre fylke og utgiftene til tilpassa opplæring i bedrift er om lag på same nivå som i 2010. Utgiftene til grunnskuleopplæring er noko høgare i 2011 enn i 2010 (0,171 mill. kr).

*Teneste 2502 Pedagogisk- psykologisk teneste*Resultat:

Budsjettet for 2011 var på 10,745 mill. kr. Rekneskapen viser eit mindreforbruk i høve budsjettet på 0,581 mill. kr.

PPT kontora i Sogndal og Eid/Vågsøy hadde i 2011 eit samla budsjett på 4,190 mill. kr. Rekneskapen viser at PPT – kontora hadde eit mindreforbruk på 0,690 mill. kr.

Kjøp av tenester frå PPT i kommunane viser eit meirforbruk på 0,109 mill. kr.

Vurdering:

Kostnadane er knytte til drift av fylkeskommunale PPT kontor og kjøp av PP- tenester for kommunane. Kostnadsfordelinga mellom partane er regulert av samarbeidsavtalar.

Mindreforbruket på tenesta i 2011skuldast i hovudsak vakanse i lengre periode.



### Teneste 2503 Oppfølgingstenesta

#### Resultat:

Budsjettet for 2011 var på 6,440 mill. kr. Oppfølgingstenesta har ei samla innsparing i høve budsjettet på om lag 0,840 mill. kr. Ein skule har meirforbruk på tenesta, medan 9 skular har eit mindreforbruk på tenesta. Skulane har samla innsparing på om lag 0,640 mill. kr. Av midlane sett av sentralt var det eit mindreforbruk på om lag 0,200 mill. kr.

#### Vurdering:

Behov for tiltak for målgruppa er noko uføreseieleg. Tiltak må setjast inn når behovet oppstår. Løyvinga til skulane inngår i ordninga med resultatoverføring.

### Teneste 2802 Fagprøver

#### Resultat:

Budsjettet på tenesta var på 7,190 mill. kr i 2011. Av dette var 0,600 mill. kr øyremarka instruktør opplæring i bedrift. Ved årsavslutning viste rekneskapen at tenesta hadde eit meirforbruk på omlag 2,020 mill. kr.

#### Vurdering:

Meirforbruket knytt til fagprøver (om lag 2,020 mill. kr) skuldast m.a. at kostnad med fagprøver for gjestelærlingar i andre fylke vart belasta rekneskapen i 2011 og ikkje 2010 (0,450 mill. kr). Vidare er det manglande innbetalingar frå bedrifter på restteori (0,320 mill. kr). Desse inntektene kjem i rekneskapen for 2012. Utbetalinga av honorar til prøvenemndene er noko høgare i 2011 (0,600 mill. kr) enn i 2010 då det har vore ein auke i satsane. Det har og vore noko større kostnadar knytt til reise – og opphaldsutgifter, arbeidsgjevaravgift samt ein auke i tapt arbeidsforteneste for prøvenemndsmedlemmer (0,570 mill. kr).

Det er gjennomført om lag like mange fagprøver i 2011 som i 2010.

Instruktør opplæring i bedrift (opplæring av faglege leiarar/instruktørar i bedrift) hadde eit budsjett på 0,600 mill. kr. Forbruket var som budsjettet.

### Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter

(i mill.kr)

År	Budsjett	Rekneskap	Resultat
2009	54,820	52,499	-2,321
2010	55,430	55,119	-0,311
2011	56,900	55,695	-1,205

Tabellen over viser ein auke i tilskot til lærebedrifter i perioden 2009-2011. (Det statlege ekstratilskotet ligg inne i tala alle tre åra.)

#### Vurdering:

Talet på løpande lærekontraktar var noko mindre i 2011 enn i 2010, men satsane for lærlingstilskot har auka og dermed blir kostnaden tilnærma lik.

Rekneskapstala for 2011 viser at inntektene er om lag som budsjettet. Inntektene har auka med om lag 0,150 mill. kr frå 2010. Auken i inntekter kjem av auka satsar for lærlingstilskot. Dette syner at talet lærlingar frå andre fylke som utløyser refusjon har vore på om lag same nivå som i 2010.

Rekneskapen viser og at kjøp frå andre fylkeskommunar er på same nivå som i 2010. Dette betyr at vi har om lag same nivå på tal lærlingar frå Sogn og Fjordane som får lærekontrakt i andre fylke.

Det statlege tildelte ekstratilskotet vart i 2011 nytta til rekruttering av nye lærebedrifter, stimuleringstilskot for lærlingar som er vanskelege å formidle og



tilrettelegging for lærlingar som treng ekstra oppfølging.

*Teneste 2901 Driftsresultat landslinjer – Sogn jord og hagebruksskule og yrkessjåførutdanninga ved Sogndal vidaregåande skule*

#### Resultat:

I 2011 var samla meirforbruk for tenesta om lag 1,290 mill. kr i høve vedteke budsjett. Sogn jord og hagebruksskule hadde eit meirforbruk på om lag 0,500 mill. kr, medan yrkessjåførutdanninga i Sogndal hadde eit meirforbruk på om lag 0,790 mill. kr.

#### Vurdering:

Meirforbruket på Sogn jord – og hagebruksskule i 2011 er knytt til ordinær drift og skuldast m.a. ekstraordinære investeringar, uføresette utgifter til vedlikehald og reduserte salsinntekter grunna avlingssvikt.

Meirforbruket på yrkessjåførutdanninga skuldast i hovudsak auka lønskostnader, auka drivstoffutgifter og vesentleg større verkstadsutgifter. Landslinene har frå budsjettåret 2011 resultatoverføring på lik linje med dei andre vidaregåande skulane.

*Teneste 2903 Fagskulen i Sogn og Fjordane*

#### Resultat:

Budsjettet for 2011 var på 20,000 mill. kr. Rekneskapen for 2011 viser eit akkumulert meirforbruk i høve budsjettet på om lag 4,000 mill. kr. Meirforbruket er noko høgare i 2011 enn i 2010.

#### Vurdering:

Fagskulen har eit betydeleg meirforbruk i 2011. Fagskulen kjem inn under ordninga med resultatoverføring der mindre-/meirforbruk vert overført til året etter. Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane har vedteke at meirforbruket skal dekkast inn over ein

periode på 3 år. Fylkesdirektøren vil ha eit særskilt fokus på fagskulen sitt arbeid med å få balanse i drifta og ta inn akkumulert meirforbruk.

*Teneste 2912 Vaksenopplæring*

#### Resultat:

Revidert budsjett for 2011 var på 4,171 mill. kr. Opprinneleg budsjett på vaksenopplæring vart justert ned med 0,500 mill. kr i tertial 1/11, medan budsjettet knytt til restteori for lærlingar vart justert ned med 0,400 mill. kr i tertial 2/11. Ved årsskiftet viste tenesta eit samla meirforbruk på omlag 0,183 mill. kr. Meirforbruket er i all hovudsak knytt til restteori for lærlingar.

#### Vurdering:

Budsjetttramma til vaksenopplæring har på grunn av nedgang i aktiviteten dei siste åra vorte justert ned. I 2011 har ein hatt større breidde i opplæringstilbodet til vaksne. Dette har ført til auka kostnad, sjølv om talet på deltakarar totalt er om lag som i 2010. Timeprisen for opplæringa har også auka grunna løns- og prisstigning.

*2.3.3 Nærare om måleindikator Ø2-1 Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap*

#### Resultat:

Opplæringssektoren samla hadde i 2011 eit mindreforbruk i høve vedteke budsjett på 5,749 mill. kr.

#### Vurdering:

Fylkesdirektøren styrer etter vedteke budsjett m.a. ved utarbeiding av årsprognosar og vurdering av tiltak ved 1. og 2. tertial. Tertialrapportering omfattar endringar i høve føresetnadane for fordeling av økonomiske rammer til ulike deler av opplæringssektoren. I tillegg til tertialrapportering vert tilhøvet mellom budsjett og forbruk på fylkesdirektøren sine



ansvarsområde vurdert løpende. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det bra samsvar mellom utarbeidde prognosar og årsresultat. Det er likevel at det generelt er utfordrande å budsjettere på anslagspostar som t. d gjesteelevar, tilskot til lærebedrifter,

fagprøver og tilpassa opplæring. Dette fordi fylkesdirektøren ikkje kjenner tal elevar og lærlingar/ læreandidatar som vert omfatta av ordninga, før året er omme.

## **Kritisk suksessfaktor : Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø (K5)**

### **Måleindikator K5-1: Sjukefråvær**

Ambisjonsnivå: Maksimum 5 %

#### Resultat:

Samla sjukefråvær for dei vidaregåande skulane var i 2011 registrert til 3,9 %.

#### Vurdering:

Registrert sjukefråvær for dei vidaregåande skulane samla viser ein nedgang på 0,3 prosentpoeng i høve 2010. Statistikken for 2011 viser at 2 av 15 skular (13 %) har eit sjukefråvær på over 5 % og at kvinner har eit høgre sjukefråvær enn menn (samla høvesvis 5,0 % og 2,8 %). Ulikskapane i nivå på sjukefråvær mellom kvinner og menn er i samsvar med ulikskapar registrert på landsbasis. Skulane må halde fram arbeidet med å følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og å finne mottiltak til det arbeidsmiljørelaterte fråværet.

### **3. Effektiviseringstiltak**

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2011/12 ei oppfylling i grupper på om lag 95 %. På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllinga om lag 93 %, medan dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylling på om lag 97 %. Oppfylling pr. nivå er: Vg1 97 %, Vg2 95 % og Vg3 91 %. (Kjelde: Søkjar og opplæringsstatistikk 2011-2012).

Tilbodet i 2011 samsvarte i stor grad med ønska til søkjarane. Oppfyllingsprosenten syner over fleire år ei stabil og god utnytting av ressursane - sjølv med ein desentralisert skulestruktur.

Vaksenopplæringstenesta vart frå 1. august 2011 omorganisert. Ressursar tilsvarande 400 % stilling er med dette tekne bort frå dei vidaregåande skulane, medan sentraladministrasjonen er styrka med 50 % stilling frå 100 til 150 %. Dette inneber ei netto innsparing tilsvarande 350 % stilling.

Fleire av dei store bygge- og investeringsprosjekta har som mål å samlokalisere aktiviteten ved den einskilde skule. Dette gir meir tenleg og effektiv drift, både fagleg og økonomisk.

### **4. Folkehelse**

#### **4.1 Folkehelsearbeid generelt**

Miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og folkehelsegruppene er sentrale i arbeidet med førebygging og psykososialt miljø i skulekvardagen. For skuleåret fekk kvar skule kr 12 000,- som bidrag til arbeidet med å skape "gode og trygge miljø, og til å få til ei heilskapleg folkehelsesatsing.



#### 4.2 Psykisk helse

Psykisk helse er eitt av hovudområda i mandatet til folkehelsegruppene. Dei fleste skulane deltek årleg på fylkesvis dialogkonferanse om Ungdom og psykisk helse, i regi av Helsedirektoratet. Fleire skular gjennomfører VIP-opplegget for Vg1-elevar (Veiledning og Informasjon om Psykisk helse hos ungdom) og nokre få er MOT-skular.

#### 4.3 Ernæring

Skulane held fram satsinga på sunne mattilbod i kantinen. Nokre tilbyr kurs i *tillaging av sunn bybelmat*, kurs i *kvardagsmat* og har felles matlagingskveldar. Fleire har salatbar, og dei tilbyr gratis frukt, billeg frukost og middag. Gjennom fylkesplanprogrammet *Folkehelse og livsutfalding* fekk kvar skule tildelt kr 10 000,- til helsefremjande arbeid i kantinen. Forventningar om at kantinen skal vere sjølvfinansierte gjer at dei ikkje får satsa så sterkt som ønskeleg på sunnare kosthald.

#### 4.4 Fysisk aktivitet

Det er utfordrande å få til auka fysisk aktivitet i skuledagen. Fleire skular har tilbod på ettermiddag og kveldstid, og elevar som bur på internat kan få låne ski. Nokre skular tilbyr gratis transport til alpinbakkar på kveldstid. Elles ser skulane godt tilrettelagde uteområde som viktig tiltak for å få til auka fysisk aktivitet.

#### 4.5 Rus og tobakk

Skulane arbeider systematisk med rusforebygging, og har deltakarar på ulike kurs og samlingar. Mindre tobakksbruk er framleis eit satsingsområde. 8 skular har vedteke røykfritt skuleområde, medan resten tillet røyking på tilviste plassar. Tilbod om røykesluttkurs ved dei vidaregåande skulane får dårleg tilslutnad. For elevane sin del kan

dette ha samanheng med at deltakarane sjølv må finansiere kursa.

#### 4.6 Skader og ulukker

Skulane har faste opplegg på vårparten retta mot russen. Etter søknad fekk 10 av skulane tildelt til saman kr 158 000,- frå Fylkestrafikktryggleiksutvalet (FTU) til ulike trafikktryggingstiltak. Kommunal- og regionaldepartementet vidarefører tiltaket *Føraropplæring i vidaregåande skule*, eit tilbod som skal gjera trafikkopplæringa for distriktsungdom meir tilgjengeleg, meir effektiv og billegare for elevane. Dale vidaregåande skule er med for andre år, og har fått tildelt kr 100 000,- til å dekkja ekstraavgifter til skuleskyss, administrasjon, reinhald, m.m.

I 2011 hadde kring 170 lærlingar trafikktryggleik som tema på regionvise lærlingsamlingar.

### 5. Spesielle politiske saker

Fylkestinget handsama:

- Sak 15/11: Sogndal vidaregåande skule – kjøp av areal
- Sak 17/11: Søknad om skuleskyss med båt Vik - Sogndal
- Sak 18/11: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2011 – 2012
- Sak 19/11: Forvaltningsrevisjon 2010 – Individuelt tilpassa opplæring - handsaming av rapport
- Sak 21/11: Årsmelding 2010 og Tilstandsrapport 2010 for vidaregåande opplæring
- Sak 55/11: Regional planstrategi - høyring, analyse- og utfordringsdokument



- Sak 60/11: Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane – 2012-2014

Hovudutval for opplæring handsama:


- Sak 1/11: Regionale utviklingsmidlar 2011
- Sak 4/11: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2011 – 2012
- Sak 5/11: Fagskuletilbod i økologisk landbruk ved Sogn jord- og hagebruksskule - arbeid med søknad om NOKUT-godkjenning
- Sak 7/11: Kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2011
- Sak 8/11: Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule
- Sak 11/11: Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2011
- Sak 12/11: Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008 - 2011 - statusrapport handlingsprogram 2011
- Sak 14/11: Omdanning Sikkerheitssenteret i Måløy
- Sak 18/11: Budsjett 2012/økonomiplan 2012-15 - sektorbudsjett for opplæring
- Sak 19/11: Mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 – endra høyringsfrist
- Sak 20/11: Revidert framdriftsplan for mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015
- Sak 21/11: Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane – 2012-2014
- Sak 22/11: Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule
- Sak 24/11: Opplæringstilbodet for skuleåret 2012/2013
- Sak 25/11: Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar

## 6. Likestilling

### 6.1 Søkjarar til skuleåret 2010/2011 fordelt på kjønn, utdanningsprogram og lærefag


Totalt søkjartal til skule og bedrift var 5433. 47 % kvinner og 53 % menn. Det er omlag lik prosentdel kvinner og menn som søker opplæring i skule, medan det til opplæring i bedrift er fleire menn enn kvinner som søker (menn 80 %, kvinner 20 %). Det er ikkje store endringar på kjønnsfordeling i søkinga i høve tidlegare år. Søkjarane fordelt seg slik på utdanningsprogram (inkl. innføringsgruppe for minoritetsspråklege og påbygging til generell studiekompetanse) i 2011:





Forkortingar:

AO	Innføringsgruppe for minoritetsspråklege	MK	Medium og kommunikasjon
BA	Bygg- og anleggsteknikk	NA	Naturbruk
DH	Design og handverk	PB	Påbygging generell studiekomp.
EL	Elektrofag	RM	Restaurant- og matfag
HS	Helse- og sosialfag	SS	Service- og samferdsle
ID	Idrettsfag	ST	Studiespesialisering
MD	Musikk, dans og drama	TP	Teknikk og industriell produksjon




Forkortingar:

BA	Bygg- og anleggsteknikk	NA	Naturbruk
DH	Design og handverk	RM	Restaurant- og matfag
EL	Elektrofag	SS	Service og samferdsel
HS	Helse- og sosialfag	TP	Teknikk og industriell produksjon




## 6.2 Status og utfordringar i høve personalsituasjonen ved dei vidaregåande skulane



Del kvinnelege skuleleiarar har auka frå 2010 og utgjør i 2011 45 %. Den mest gledelege utviklinga har vore i rektorgruppa der


kvinnedelen har auka frå 6 til 8 frå 2010, og no er over 50 %. I mellomleiargruppa er kvinnedelen stabil og utgjør 43%.



Talet pedagogar har ein nedgang på 10 personar frå årsskiftet 2010 til 2011. Totalt er det no 818 personar.

Kvinnedelen utgjør vel 46 %, og har auka med vel 2 % siste året.





Tal pedagogar har ein svak nedgang siste året. Tal kvinnelege pedagogar i aldersgruppa 20 til 49 år har vore aukande dei siste åra. Ved utgangen av 2011 er kvinnedelen 57 %. I aldersgruppa 50 til 70 år er det ei markant overvekt av menn, vel

64 %. 54 % av pedagogane er 50 år og eldre, og 23 % er over 60 år. Det er 60 kvinner over 60 år, med ein snittalder på 64,8 år. Dei representerer 53,2 årsverk. Det er 187 menn over 60 år, snittalder 64,4 år. Desse representerer 154,3 årsverk. Trenden er at pedagogane etter fylte 60 år står lenger i arbeid no enn tidlegare. Tala syner stor, naturleg avgang i denne viktige stillingsgruppa i åra framover.

Målretta rekrutterings - og stabiliseringstiltak retta mot pedagogar må ha høg prioritet på alle nivå i fylkeskommunen i åra framover.

### 6.3 Oppfølging av vedteken handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald

Viser her til omtale i fylkesrådmannen sin årsrapport for 2011.



# Opplæring - målekart

Strategisk fokusområde: tenesteproduksjon/brukarperspektivet			
<b>T1</b>	<b>Samarbeid om opplæringstilbudet i regionane</b>		
T1-1	Opplevd nytte av samarbeidet mellom skulane i regionen.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	3,6.	Gjennomsnitt i regionane > 4,5 (skala 1-6).	3,9.
T1-2	Tilbud om fjernundervisning		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	7 av 14 skular tilbyr fjernundervisning.	Tal tilbud >1 pr skule.	4 av 14 skular tilbyr fjernundervisning.
<b>T2</b>	<b>Læringsmiljø (gjeld berre elevar, då det ikkje vart gjennomført lærlingundersøking i 2011)</b>		
T2-1	Tilpassa opplæring.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5).
T2-2	Trivsel.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,1 (skala 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 4,2 (skala 1-5).
T2-3	Læring.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,6 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,7 (skala frå 1-5).
T2-4	Hybelbuarar på Vg1.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Skuleåret 2010/2011 fekk 86,6 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt.	Færrast mogleg ufrivillige hybelbuarar.	Skuleåret 2011/2012 fekk 84,3 prosent av elevane på Vg1 inntak på første ønsket sitt.
<b>T3</b>	<b>Læringsutbyte</b>		
T3-1	Karakternivå.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Fylket ligg over landsgj.snittet i alle programfaga og har høgst snitt i 16 av 35 fag med sentralt gitt eksamen.	> Landsgjennomsnittet.	Fylket ligg over landsgj.snittet i 13 av 16 programfag med sentralt gitt eksamen.
T3-2	Standpunktkarakter og eksamensresultat.		

	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I 2010 var avviket mellom standpunkt og eksamenskarakterar det minste det har vore i perioden 2004-2010 (0,22 karaktergrader).	Betre samsvar mellom resultatata.	Skuleåret 2010-2011 var avviket mellom standpunkt og eksamensresultat på 0,27 karaktergrader.
<b>T4</b>	<b>Yrkes- og studierettleiing</b>		
T4-1	Fråfall grunna feilval.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	2009/2010: 20 elevar (16,9 prosent av sluttarane).	Redusere del elevar som oppgir feilval som årsak til avbrot.	2010/2011 22 elevar (17,1 prosent av sluttarane).
T4-2	Opplevd kvalitet på rettleiinga.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,5 (skala frå 1-5).
T4-3	Gjennomføring.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Av dei som starta GK i 2004 gjennomførde om lag 60 prosent på normert tid.	Innan 2012 skal 80 prosent fullføre opplæringa på normert tid.	Av dei som starta GK i 2005 gjennomførde om lag 59 prosent på normert tid.
<b>T5</b>	<b>Elev- og lærlingmedverknad (gjeld berre elevar, då det ikkje vart gjennomført lærlingundersøking i 2011)</b>		
T5-1	Elev- og lærlingrepresentasjon i råd og utval.		
	<b>Resultat 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	I samsvar med ambisjonsnivå.	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå.
T5-2	Elev- og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Under ambisjonsnivå. Snittverdi 2,6 (skala frå 1-5).	"Grøn skåre".	I samsvar med ambisjonsnivå. Snittverdi 3,4 (skala frå 1-5).
<b>Strategisk fokusområde: regional utviklingsaktør</b>			
<b>R1</b>	<b>Opplæringstilbodet er sett i samanheng med offentleg og privat verksemd sine behov</b>		
R1-1	Samsvar mellom tilgangen til læreplassar og tal lærlingar.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Per 1. november 2010 var 19 søkjarar (4,1 prosent) utan tilbod.	Større samsvar enn året før.	Per 1. november 2011 var 22 søkjarar (4,9 prosent) utan tilbod.
<b>R2</b>	<b>Systematisk og forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule og arbeidsliv</b>		
R2-1	Partnerskapsavtalar.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	4,5.	Nytteverdi >4,5 (skala 1-6).	4,4.

<b>R3</b>	<b>Skulane er lokale/regionale ressursentra og pådrivarar i samhandlinga med lokalsamfunn og næringsliv</b>		
R3-1	Lokalt næringsliv nyttar skulane i si kompetanseheving.		
	<b>Resultat 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	4 av 14 skular har gjennomført minst 10 kurs, dvs. 29 prosent.	Halvparten av skulane skal gjennomføre minst 10 kurs.	4 av 14 skular (29 prosent) har gjennomført minst 10 kurs.
R3-2	Tilbod om fjernundervisning til lokalt næringsliv.		
	<b>Resultat 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	2,5 prosent av kursa vert gjevne som fjernundervisning.	Tal kurs gjevne som fjernundervisning utgjer 20 prosent av totalen.	2,2 prosent av kursa vert gjevne som fjernundervisning.
<b>R4</b>	<b>Vidaregåande skular har høg utviklings- og omstillingskompetanse</b>		
R4-1	Skulen som medspelar i regionalt utviklingsarbeid.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	4,5.	Eigenvurdering $\geq 5$ (skala 1-6).	4,8.
<b>R5</b>	<b>Dei vidaregåande skulane har fokus på miljø- og klimautfordringane i opplæringa og i si eiga bedrift</b>		
R5-1	Aktivitatar og tiltak knytte til oppfølging av fylkesdelplan for klima og miljø i opplæringa.		
	<b>Ikkje målt i 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
		Alle skulane har minst 2 aktivitatar/ tiltak som gjeld haldningsskapande arbeid knytt til miljøbelastning og klimautfordringane i utviklingsplanane.	Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular har denne type tiltak i utviklingsplanane sine.
R5-2	Tal elevar og tilsette som går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen.		
	<b>Ikkje målt i 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
		Halvparten av alle elevar som har høve til det går/syklar/nyttar kollektivtransport til skulen.	Manglar statistikk.
R5-3	Prosjekt knytte til reduksjona av klimagassutslepp.		
	<b>Ikkje målt i 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
		Minst 4 skular har/deltek i større prosjekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.	Ambisjonsnivået ikkje nådd. 2 skular rapporterer at dei er engasjerte i klimaprojekt knytte til reduksjon av klimagassutslepp.
R5-4	Jordbruksskulane er aktive i klimaarbeidet i fylket.		
	<b>Ikkje målt i 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
		Begge skulane synleggjer deltaking i klimaarbeidsprosessar i eigen utviklingsplan.	Begge skulane melder at dei ikkje er aktive i klimaarbeidet i fylket generelt.

**Strategisk fokusområde: rammevilkår/økonomi**

<b>Ø1 Samsvar mellom mål og rammer</b>			
Ø1-1	Avvik i høve budsjett.		
	<b>Resultat 2010</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	4 skular har avvik større enn +/- 2 prosent. 9 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent Opplæringssektoren samla har avvik -0,9 %	Budsjettbalanse, akseptabelt avvik +/- < 2 prosent.	5 skular har avvik større enn +/- 2 prosent.  8 skular har avvik mindre enn +/- 2 prosent. Opplæringssektoren samla har avvik -0,8 prosent.
<b>Ø2 Økonomistyring</b>			
Ø2-1	Avvik mellom årsprognosar og årsrekneskap.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	8 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. 5 skular melder om mindre godt samsvar.	Godt samsvar.	9 skular melder om godt samsvar mellom årsprognosar og årsrekneskap. 4 skular melder om mindre godt samsvar.
<b>Ø3 Ressursbruk i tenesteproduksjonen</b>			
Ø3-1	Samla kostnad per elev.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 9,2 prosent. Auke for landet i snitt 6,9 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 1,2 prosent. Auka i gjennomsnitt for landet 2,2 prosent.
Ø3-2	Kostnad pr elev på tenesteområdet lokale, forvaltning (administrasjon m.m.) og skyss.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 8,1 prosent. Auke for landet i snitt 7,0 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -3,8 prosent. Snittauke for landet 1,4 prosent.
Ø3-3	Kostnad per elev på tenesteområdet pedagogisk leiing, fellesutgifter vidaregåande skular og gjesteelevar.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 15,5 prosent. Auke for landet i snitt 5,8 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -3,2 prosent. Snittauke for landet 3,4 prosent.
Ø3-4	Kostnad per elev til spesialundervisning og tilpassa opplæring.		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 2,3 prosent. Auke for landet i snitt 10,9 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Redusert kostnadsnivå eige fylke -9,6 prosent. Snittauke for landet 4,8 prosent.
Ø3-5	Kostnad per elev til basis opplæringsverksemd studieførebuande utdanningsprogram.		

	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 8,7 prosent. Auke for landet i snitt 7,8 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 10,4 prosent. Snittauke for landet 1,3 prosent.
Ø3-6	Kostnad pr elev til basis oppføringsverksemd yrkesfaglege utdanningsprogram		
	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	Auka kostnadsnivå eige fylke 12,0 prosent. Auke for landet i snitt 5,5 prosent.	Kostnadsnivået skal ikkje auke meir enn landsgjennomsnittet.	Auka kostnadsnivå eige fylke 7,9 prosent. Snittauke for landet -0,0 prosent.

### Strategisk fokusområde: kompetanse/personalutvikling/læring

Det vart ikkje gjennomført brukar-/medarbeidarundersøking i 2011. Det er difor ikkje grunnlag for å rapportere på dette strategiske fokusområdet, utover K5-1.

### K5 Fokus på fysisk og psykisk arbeidsmiljø

K5-1 Sjukefråvær.

	<b>Resultat 2010:</b>	<b>Ambisjonsnivå 2011</b>	<b>Resultat 2011</b>
	4,2 prosent.	Maksimum 5 prosent.	3,9 prosent.

### Strategisk fokusområde: kvalitet og effektivitet i interne prosessar

Det vart ikkje gjennomført brukar-/medarbeidarundersøking i 2011. Det er difor ikkje grunnlag for å rapportere på dette kritiske fokusområdet.

### Temaområde for tilstandsrapporten 2011 som ikkje vert dekkja av målekartet


Gjeld rapportering på dei områda av tilstandsrapporten som ikkje vert dekkja av målekartet.

	<b>Rapporteringsområde</b>	<b>Resultat</b>	<b>Resultat</b>
	<b>Spesialundervisning:</b>	<b>Skuleåret 09/10</b>	<b>Skuleåret 10/11</b>
	1 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning	341	391
	2 Tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning som har slutta/ avbrote opplæringa	22	31
	3 Tal elevar med individuell opplæringsplan med vedtak om spesialundervisning, jf. § 5-5 i opplæringslova	Ikkje målt i 2010	391
	<b>Vaksne:</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
	1 a Kor mange vaksne er registrerte som søkarar til vidaregåande opplæring?	377	375
	1 b Kor mange av desse er realkompetansevurderte?	144	53
	2 Kor mange av søkarane har vaksenrett etter §4A-3 i Opplæringslova?	146	145
	3 a Kor mange vaksne med vaksenrett har fått tilbod om opplæring?	238	260


3 b Kor mange vaksne utan vaksenrett har fått tilbod om opplæring?	221	187
4 Har skulen gjennomført opplæring (kurs) for vaksne som er avslutta dette året?	14	17
5 Har skulen gjennomført evaluering av læringsmiljøet for opplæringstilbod retta mot vaksne?	Gjennomført ved 4 skular.	Gjennomført ved 2 skular.

## Vedlegg 2


### Standpunkt, programfag




## Eksamen, programfag



## Standpunkt, fellesfag



## Eksamen, fellesfag





**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

**Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 3, 6863 Leikanger  
Telefon 57 65 61 01  
Telefaks 57 65 30 20  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)**